

Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16641 - 20/79717

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
14.12.2020



## Vedtak til klagevurdering - gbnr 491/15 Kvitstein

**Tiltak:** tilbygg og markterrasse  
**Byggjestad:** Gbnr: 491/15  
**Tiltakshavar:** Ann Karin Hervig  
**Ansvarleg søkjar:** Ann Karin Hervig

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) og frå byggjeforbod i strandsona i arealdelen til kommunedelplanen for Radøy for oppføring av tilbygg til fritidsbustad og utviding av markterrasse på gbnr. 491/15 i Alver kommune.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-føremål. I tillegg ligg tiltaket i konflikt med generelt dele-og byggjeforbod i 100-meters belte mot sjøen. Avstand frå tiltaka til sjøen er ca. 52 meter:



## Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 14.12.20, der følgjande vedtak vart fatta:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft (LNF) og frå byggjeforbod i strandsona i arealdelen til kommunedelplanen for Radøy for oppføring av tilbygg til fritidsbustad og utviding av markterrasse på gbnr. 491/15 i Alver kommune.**

Grunngjeving går fram av saksutgreininga.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 a) vert det gjeve løyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr. 491/15 i Alver kommune på følgjande vilkår:**

1. Tiltaka skal oppførast i samsvar med mottatt situasjonsplan, datert 09.03.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

**Før tiltaket vert teke i bruk skal det søkjast om ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket.**

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no).

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Løyve med dispensasjon - oppføring av tilbygg til hytte og utviding av markterrasse gbnr 491/15  
Kvitstein  
Søknad om dispensasjon  
Situasjonsplan

**Vedlegg:**

Teikning

**Kopi til:**

Ann Karin Hervig

Trollien 50

5101

EIDSVÅGNESET

**Mottakarar:**Fylkesmannen i Vestland  
Vestland fylkeskommuneNjøsavegen 2  
Postboks 7900

6863

LEIKANGER

5020

BERGEN